

LANDSMØTE 2014

Sak 9.2. Framlegg om endring av vedtektene § 8 Styret si samansetning og valprosedyre.

Styret sitt framlegg til vedtak

Styret gjer framlegg om endring av vedtektene § 8. Vedtaket vil medføre at LLP sine fagseksjonar vil blir avvikla og at Kulturrådet kan oppnemne ein observatør til styret med tale og forslagsrett på lik linje med Riksarkivaren.

Vedtektene §8 Styret si samansetning og valprosedyre seier i dag:

§ 8 Styret si samansetjing og valprosedyre

Styret skal totalt ha sju medlemmer og to varamedlemmer. Landsmøtet vel først leiar og deretter seks styremedlemmer etter framlegg frå valkomitéen. Eitt styremedlem blir vald som leiar for fagseksjonen for kommunale arkiv, og eitt styremedlem blir vald som leiar for fagseksjon for privatarkiv. Deretter velgjer ein to varamedlemmer. Fagseksjonen for kommunale arkiv blir så vald med to medlemmer og varamedlem(er). Til sist blir fagseksjonen for privatarkiv valt med to medlemmer og varamedlem(er)

Styreleiaren blir vald for to år. Styremedlemmene blir valde for to år, slik at tre styremedlemmer står på val kvart år. Varamedlemmene blir valde for eitt år. Ordinære seksjonsmedlemmer blir valt for to år, varamedlemmer for eitt år.

Riksarkivaren kan oppnemne ein observatør til styret med tale og forslagsrett.

Styret sitt framlegg til ny tekst:

§ 8 Styret si samansetjing og valprosedyre

Styret skal totalt ha sju medlemmer og to varamedlemmer. Landsmøtet vel først leiar og deretter seks styremedlemmer etter framlegg frå valkomitéen. LLP sitt styre skal til eikvar tid bestå av representantar frå kommune- og privatarkivsektoren, som skal ta ansvar for arbeid og problemstillingar som særleg rettar seg mot desse sektorene. Desse representantane erstattar dei tidligegare fagseksjonane. Ved behov kan andre ressurspersonar blant medlemmene trekkast inn i dette arbeidet.

Styreleiaren blir vald for to år. Styremedlemmene blir valde for to år, slik at tre styremedlemmer står på val kvart år. Varamedlemmene blir valde for eitt år. Ordinære seksjonsmedlemmer blir valt for to år, varamedlemmer for eitt år.

Riksarkivaren og Kulturrådet kan oppnemne ein observatør til styret med tale og forslagsrett.